

# Vilærer om nestekjærleik og Nobels fredspris



I Rammeplanen står det at barnehagen skal formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar og representere eit miljø som byggjer opp om respekt for menneskeverd og retten til å vere forskjellige. Menneskeleg likeverd, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving og solidaritet er sentrale samfunnsverdiar som skal leggast til grunn for omsorg, danning, leik og læring i barnehagen. Denne veka introduserer vi dei aller yngste, kanskje for første gong, for omgrepet nestekjærleik og dette opplegget skal gi begynnande forståing av kva nestekjærleik inneber. Vi bruker Nobels fredspris som dagsaktuell tilhærrming og barnas kvardag som utgangspunkt. Vekeopplegget er spesielt tilrettelagt for barn mellom 0 og 3 år, men vil eigne seg godt til eldre barn også.

Opplegget tar utgangspunkt i stasjonsarbeid med korte presentasjonskorter kombinert med fysisk aktivitet. Sanseinntrykk skapar koblingar i hjernen og repetisjon av desse gjer koblingane sterkare og meir varig. Dess betre nettverk av koblingar eit barn har tidleg, dess lettare vert læring seinare. Lag derfor tre stasjonar og introduser nye bokstavar, lydar og omgrep, sanseopplevingar og erfaringar på kvar stasjon for barna. Utgangspunktet er at barn kan lære mykje meir enn vi trur og liker denne arbeidsforma svært godt. Bruk omgrepa i naturlege situasjonar i løpet av dagen og legg på den måten til rette for den gode samtalen som utdjupar forståinga ytterligare.

## Denne veka får barna erfare

- Fire dyr, jf Natur, miljø og teknikk
- Lettest maxibok om Nobels fredspris, jf. Danning og Nærmiljø og samfunn
- Lettest maxibok om Nestekjærleik, jf Etikk, religion og filosofi
- Lære bokstaven/lyden K, L, E, M, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Lage venemedalje og fredsdue, jf. Kunst, kultur og kreativitet
- Skriving, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Krabbe, snurre, fly, jf. Kropp, rørsle, helse
- Meistringsopplevelingar og skaperglede, jf. Danning

## Stasjonar 1. dag

### 1 Fire dyr

Klipp ut bilda av dei fire dyra og vis barna. Sei: "Dette er eit marsvin, ein elefant, ei løve og ein kanin medan du viser bilda i hurtig tempo. Bla bakfrå og bruk tydeleg mimikk. Sei namnet på dyret akkurat når barna ser dyret for å lage ei sikker kobling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at du har stokka korta.

Krabb vidare til neste stasjon.

### 2 Maxiboka om nestekjærleik, nøkkelord

Skriv ut boka og bind den inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om nestekjærleik. Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo. Forklar eitt av orda kvar gong.

Fly vidare til neste stasjon.

### 3 Dei små bokstavane sine lydar

Klipp ut bokstavkorta og vis barna. Sei: "Dette er dei små bokstavane sine lydar: k, l, e, m" medan du viser ein og ein bokstav i hurtig tempo. Bla bakfrå og bruk tydeleg mimikk. Sei lyden akkurat når barna ser bokstaven for å lage ei sikker kobling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at de har funne noko rundt dykk som startar på lyden m.

Snurr vidare tilbake til start. Gjennomfør to slike runder dagleg. Det tek omlag 10 minutt tilsaman.



Fem ord om kroppsdeler



Døme på Bravorunde



Fem konkrete krydder og urter

## Stasjonar 2. dag

### 1 Dei store bokstavane sine lydar

Klipp ut bokstavkorta og vis barna. Sei: "Dette er dei store bokstavane sine lydar: K,L,E,M" medan du viser ein og ein bokstav i hurtig tempo. Bla bakfrå og bruk tydeleg mimikk. Sei lyden akkurat når barna ser bokstaven for å lage ei sikker kobling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at de har funne noko rundt dykk som startar på lyden K.

Krabb vidare til neste stasjon.

### 2 Fire dyr

Klipp ut bilda av dei fire dyra og vis barna. Sei: "Dette er eit marsvin, ein elefant, ei løve og ein kanin medan du viser bilda i hurtig tempo. Bla bakfrå og bruk tydeleg mimikk. Sei namnet på dyret akkurat når barna ser dyret for å lage ei sikker kobling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at du har stokka korta.

Fly vidare til neste stasjon.

### 3 Maxiboka om nestekjærleik, faktasetningar

Vis og les nøkkelorda frå i går. Bla vidare og les faktasetningane om nestekjærleik og vis bildet tilslutt.

Snurr vidare tilbake til start.



## Stasjonar 3. dag

### 1 Dyra og forbokstavane

Repeter lydane til dei store bokstavene og lydane til dei små bokstavene ein gong først. Legg så ut dyrebilda på golvet. Sei: "K er første lyden i kanin. Dei høyrer saman. Legg begge bokstavene på kanin-bildet." Sei: E er første lyden i elefant. Dei høyrer saman. Legg begge bokstavene på elefant-bildet. Gjer det same med bokstavane L og M. Barna ser på, og du viser dei fasiten.

Krabb vidare til neste stasjon.

### 2 Boka om Nobels fredspris, nøkkelord

Skriv ut boka og bind ho inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om Nobels fredspris". Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo.

Fly til neste stasjon.

### 3 Boka om nestekjærleik, spørsmål

Samles heile boka om nestekjærleik. Samlesing tyder at barna ser teksten medan den vaksne les høgt. Vis bildet og bla over til sida med spørsmåla. Still barna eit spørsmål og sjå om dei ønsker å svare. Dersom dei nøler viser du på valgbrettet (sida med svaralternativer) kva som er riktig svar. Gjer det same med alle tre spørsmåla. Lottokorta kan klippes ut og leikes med saman med dyrekorta og bokstavkorta i løpet av veka. Boka er fra no tilgjengeleg for barna i ei hylle på avdelinga.

Snurr tilbake til start.



## Stasjonar 4. dag

### 1 Dyra og forbokstavane, puslestasjon

Repeter lydane til dei store bokstavane. Legg ut dyrebilda på golvet. Spør om barna vil hjelpe deg å finne kven som høyrer saman. Sei lyden og leit etter bildet. Barna kan hjelpe til om dei vil. Du er ansvarleg for at de lukkast med å pusle alle bokstavane saman med riktig dyr.

Krabb vidare til neste stasjon.

### 2 Boka om Nobels fredspris, faktasetningar

Repeter nøkkelorda og les/vis faktasetningane om Nobels fredspris og vis bildet tilslutt.

Fly til neste stasjon.

### 3 Vi lagar ord og klemmer kvarandre

Bruk dei fire små bokstavene. Legg éin og éin bokstav på golvet framfor barna i deira lese-retning. Stav dykk gjennom ordet k l e m. Lag ein liten klemmerunde ved å gi ein klem til sidemannen og be han eller ho sende klemmen vidare. La klemmen gå heile runden.

Snurr tilbake til start.

## Stasjonar 5. dag

### 1 Vi lagar ord

Ta i bruk dei fire små bokstavane i tillegg til f/n fra FN-opplegget i oktober. Vis barna kva for ord vi kan skrive med dei:

**klem, kne, nek, kle, le, fe, ekle**

Krabb vidare til neste stasjon.

### 2 Boka om Nobels fredspris, spørsmål

Ta med boka til neste stasjon. Vis og les faktasetningane om Nobels fredspris og vis bildet av medaljen tilslutt. Still spørsmåla bakerst i boka. Bruk valgbrettet til å finne svara.

Fly til neste stasjon.

### 3 Vi deler ut venemedaljer




Alle står i ring og den vaksne har forebudd éin venemedalje til kvar. (Bruk tape i stadenfor hysing, for sikkerhetsskuld.) Akkurat som vinnaren av Nobels fredspris får medalje, kan vi gi kvarandre ein medalje fordi vi er glade i kvarandre og set pris på at alle er gode vener. Alle får ein klem kvar i samband med utdelinga.

Snurr tilbake til start.



## Klipp ut alle bokstavane

Lær dei store bokstavane sine namn og lydar og dei små bokstavane sine namn og lydar. Finn forbokstaven til dyra og spel lotto/memory med bokstavane. Gå på skattejakt etter noko som startar på ein bestemt lyd og opplev det de finn med sansene.



F

e

M

m

## Klipp ut alle lottobrikkene

Lær dyra sine namn og finn første bokstav og første lyd i namnet deira.

Koble saman, sorter, finn like/ulike og spel lotto/memory med dyra og bokstavane





## Klipp ut fredsduene

La ein kvit serviett verte vingar, eller kanskje de kan pynte med kvite fjær. Du kan la dua få ein grønn kvist i nebbet, om du vil. Fredsdua kan henges opp i barnehagen eller de kan vise nestekjærleik ved å gi ho bort til nokon som vert glad for ei oppmuntring.

